



Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/2936 - 20/11754

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
08.03.2020

Oversender søknad om etablering av 2 jordtippar til uttale/behandling etter særlov - gbnr 415/10 m. fl. Nordanger

Tiltak:

Byggjestad: Gbnr: 415/10 med fleire

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar: Vestland fylkeskommune

Saka gjeld søknad om etablering av 2 jordtippar knytt til arbeidet med ny fylkesveg over Radøy. Felt 1 er på ca. 35 dekar og berører eigedomane gbnr 415/10, 415/9, 415/8, 415/7, 415/5, 415/3, 415/2 og 415/47. Felt 2 er på ca. 48 dekar og ligg i sin heilskap på gbnr 415/10. Det skal etablerast anleggsveg til området slik det går fram av kartet. Innanfor anleggsvegtraseen på 15 meter skal det etablerast anleggsveg med 4 meter breidde.

Tiltaket er nabovarsla. Det er ikkje kjend at det ligg føre merknadar.


Søknaden er ikkje fullstendig og kommunen har bedt om tilleggskommunikasjon. Dette gjeld mellom anna søknad om mellombels dispensasjon for etablering av anleggsveg, nytt situasjonskart der tiltaket og eigedomsgrensar går tydeleg fram, oppdaterte tverrprofil der høgder er påført, lengdeprofil gjennom kvar jordtipp og nødvendig dokumentasjon som lengde- og tverrprofil av anleggsveg.

Planstatus


Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen for Radøy sin arealdel er definert som LNF-føremål.

Kommunen vurderer at etablering av anleggsveg vil krevja mellombels dispensasjon frå LNF-føremålet. I den grad tiltaket vert plassert nærare vassdrag/elv/bekk med heilårs vassføring enn 25 meter vil tiltaket også krevja dispensasjon frå byggjegrensa mot sjø og vassdrag, jf. føresegn 2.7 i kommuneplanen.

Situasjonskart



Plankart (kommuneplan for Radøy og reguleringsplan for fylkesvegen)



VURDERING

Søknaden som ligg føre gjeld løyve til tiltak etter plan- og bygningslova. Vi ber om at det vert vurdert om tiltaket krev særskild løyve etter jordlova og/eller forureiningslova med forskrifter. Tiltakshavar har fått melding om at dersom tiltaket omfattar bekkelukking må tiltaket avklarast med NVE.

Tilkomst til tiltaket skal skje internt på området via anleggsområdet som er knytt til arbeidet med ny fylkesveg. Vår førebelse vurdering er at tiltaket ikkje krev avkøyringsløyve frå offentleg veg.

Naturmangfald og kulturminne

Felt 1 ligg i kartlagt område med friluftsiinteresse, men har ikkje regional verdi. Storrindvatnet er registrert med naturtype evjer, bukter og viker av lokal verdi. Søraust for Storrindvatnet er det registrert ein lokalitet med rik edellauvskog av lokal verdi. Tiltaket vil ikkje koma i direkte berøring med desse interessene.

Vi kan ikkje sjå at det er kulturminner som vil verta råka av tiltaket.

Kartutsnitt som viser registrerte karttypar.



Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Ta kontakt med Anne Lise Molvik på tlf. 56 37 56 40, eller e-post anne.lis.molvik@alver.kommune.no ved spørsmål eller trong for ytterlegare dokumentasjon.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om løyve til tiltak i eit-trinn - GBNR 415/10 Sletta
Nabovarsel
Kart
Planer for anlegg og drift av jordtipper på RQDØY
Jordtipp felt 2
Kart/lagtyper/masse
Kart/lagtyper/massetyper

Kopi til:

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
------------------------	---------------	------	--------

Mottakarar:

Alver kommune ved landbruksavdelinga	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN